

**Sakshandsamar:**

Lena Merete Söderholm  
 E-post: lena.soderholm@sfj.no  
 Tlf.: 57 65 62 58

**Vår ref.**

Sak nr.: 13/6781-4  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

9015/14

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 18.03.2014

Vest-Norges Fiskesalslag  
 v/Magnar Aasebø

Postboks 83  
 6701 Måløy

## Svar på skisse til prosjekt for å oppretthalde fiskemottak i Sogn og Fjordane

Syner til e-post (datert 10.03.2014) der du purra på svar frå e-post sendt 11.11.2013, og seier oss leie for at du ikkje har motteke svar frå oss tidlegare.

Vi har forståing for at det er utfordrande å kome på pluss-sida økonomisk i drift av dei mindre fiskemottaka langs kysten. Vi ser og at desse mottaka har ein viktig funksjon for å oppretthalde kystnært fiske, både som bidrag til ein differensiert struktur av fiskeflåten og eit auka mangfald av artar som vert utnytta.

Utfordringa med avkorting i fraktstønad er strukturell, og vi ynskjer å få merksemd omkring denne gjennom ei politisk sak til hovudutval for plan og næring.

I den førebelse skissa til etablering av fond som omtalt i e-posten, ser vi at det truleg ikkje er tale om store midlar til kvart mottak. Vi oppmodar difor dei lokale fiskemottaka om å søke tilskott frå sine kommunale næringsfond. Desse har årlege «påfyll» av fylkeskommunale midlar, og kan også nyttast til einskilde bedrifter (noko fylkeskommunen vanlegvis ikkje har høve til).

Med helsing

Jan Heggheim  
 fylkesdirektør for næring

Lena Merete Söderholm  
 fagkoordinator havbruk/fiskeri

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til: Hovudutval for plan og næring